# MØTEREFERAT

**STYREMØTE, onsdag 18. november 2015 kl. 1200 – 1400**
**STAD: Grethe Larsgard Rudningen, Ål.**
Tilstades: Grethe Larsgard Rudningen, Margarethe L'orange,
Odd Oleivsgard, Maria Søndrål, Eva Almhjell
Referat: EvaA, 18.11. og 15.12.15.

| Sak | Tema | Ansvar/Oppfølging |
|---|---|---|
| 1. | Økonomistatus - primo november 2015. | Eva orienterte. Styret er vel tilfreds med status. |
| 2. | Status Anne boka – sal m.m. primo november 2015. | Eva orienterte. Bra sal av både Anne-boka og Per Gjetar. Styret er vel tilfreds med status. |
| 3. | Årsmøte 2016 – bestemme tid og stad. | Styret sette dato for årsmøtet til fredag 1. april 2016.<br>Stad: Vika velferdssenter i Hol, kl. 1800.<br>Merk: Styremøte kl. 1500.<br>Møterom er tinga frå kl. 1500 på Vika (19.11.15).<br><br>Arne Horge har takka ja til å tala om temaet "Olav Slettos Per-bøker - mi språklege skattkiste". |
| 4. | Årshefte 2016 – gjennomgang av stoff. | Eva orienterte. Det meste av innhaldet er på plass. Margarethe og Eva følgjer opp samandrag av Jørn Øyrehagen Sunde sitt foredrag om verdigheit til elevar ved Gol vgs. 15.9.15<br><br>OS om kommersiell bruk av kunst – jf. innspel frå Olav R. Vedtak: Eva lagar utkast – DETTE ER EIT AKTUELT TEMA, SOM KAN GI GRUNNLAGET FOR OS-SELSKAPETS SAMARBEIDSPRAKSIS.<br>Skuleungar om OS og PG – teikningar. Maria plukkar ut teikningar og fortellingar + barneteikning som kan vera omslag på årsheftet.<br>Meir??? Svein Ellingsen – foredrag om Olav og Mimi Falsen (Årshefte 2017). Blir følgd opp.<br><br>Styret skal godkjenne innhaldet i 2016 Årsheftet. |
| 5. | Årsregnskap. | Eva. Overføre Boksmia-del av boksal = OK.<br>Kvitteringar mv. til rekneskapsførar = OK. |
| 6. | Info-tavle – framdrift etter at vi mottok kr. 5000 i støtte frå Hol kommune. | Margarethe og Eva følgjer opp innspel frå styret vedr. design på plata og stativet. Tavla blir sett opp i Sletto. Ola Ruud har laga avtale mellom OSS og grunneigar. Avtala er underteikna.<br>Tavle i sepia/svart-kvitt. Design v. Valborg Skog.<br>Nettsideadr. + Hol komm.-våpen med på tavla.<br>Eva skaffe høgoppløyseleg våpen (OK).<br>Styret drøfta ulike typer rammer, herunder aluminiums-ramme. Eva sjekke med Hol komm. om den nye plasseringa. Befaring til våren! Eva sende fotos av Bergnabben til M.=OK<br>Vurdere å blåse opp tavla – større font – eks. 75x100. Eva og M sjekkar om trykking på alu-tavle. |

| | | |
|---|---|---|
| 7. | Bokmesse på Ål 21. november 2015 – med nytt banner og talestolplakat. | Maria, Margarethe, Odd og Eva deltok. Bra vera synleg under Bokmessa! Bra boksal. Asad frå Etiopia var med. |
| 8. | Eventuelt:<br>- Kva skjer med samarbeid om PG/OS - kulturtilbod ved fellesskola for Hovet og Hol - Hallingskarvet skole - frå skoleåret 2015/2016? | Maria har snakka med DKS-koordinator i Hol. Magert med ressursar. Maria vil gjerne ha tre timar med OS som tema ved Hallingskarvet skole. Prøver vidareføre samarbeidet som var mellom OSS og Hovet skole til Hallingskarvet skole. Maria prøver også å få til eit samarbeid med barnehagane i Hol. |
| | - Korleis følgje opp ungdommen ved Gol vgs. etter Jørn Ø. Sundes foredrag 15.9.15 | Saka drøfta. Eva har skrive e-brev til S. Ødegård (5.11.15) og tilbydd veiledning til elevar som vil skrive om OS. Avventar respons. |
| | - Vidare arbeid med (kvinnene i) Olav Slettos liv og dikting (Olverbøkene). | Eva følgjer opp. Styret er nøgd. |
| | - Eva A var i Bergen 30.9.-1.10.15. Kontakt med forskar oppretta. | Eva følgjer opp kontakten. Styret er nøgd. |
| | - Styret bestemte i sept.-møtet at OSS skal dekke reise og opphald for Eva A til Bergensturen, og at kr. 3000 i tillegg skal setast av på OSS-budsj. årleg for å dekke køyreutgifter for leiaren. | Gjennomført. Styret nøgd. |
| | - Gro Hagemann purra, Anneboka sendt til omtale i Hallingdølen og Klassekampen, og leiaren har andre følarar ute. | Styret er nøgd. |
| | - Kasserarsaka – framhald. | Styret foreslo å spørja Ola Ruud om å ta denne funksjonen. Eva følgde opp: Ola Ruud tek over og blir dermed både kasserar og regnskapsførar for OSS. Odd Oleivsgard går inn som fast medlem av OSS-styret og avløyser S. Skrede, som i røynda går ut av styret. Ho hadde tatt på seg meir enn ho greidde følgje opp. Styret er svært tilfreds med nyordninga. |
| | -Hol mållags møte i oktober. | Maria S. refererte frå møtet. OSS-styret støttar tanken om eit tettare samarbeid mellom Ål og Hol mållag. |
| | -25.11.: Eva til Sande bibliotek, Vestfold. | Dette var siste av i alt 12 foredrag i 2015.<br>Siste: Verva to nye medlemmer i november/desember! |